

## Frå klimapolitikk til klimaomstilling

Stortinget vil i vår få til handsaming den første Stortingsmeldinga om korleis Norge skal bli kvitt alle norske utslepp av klimagassar. Så langt har klimapolitikken dreia seg om korleis utsleppa skal stabiliserast eller reduserast ‘noko’. I tillegg til det å fjerne utsleppa av klimagassar kjem tre tilleggsutfordringar: At samfunnet må tilpasse seg store og ofte uføresieleg konsekvensar av dei klimaendringane som vil kome uansett kor fort samfunnet klarar å redusere utsleppa av klimagassar; at klimatiltaka ikkje må vere i konflikt med mål om vern av det biologiske mangfaldet; og at klimatiltaka ikkje må auke det økonomiske og sosiale forskjellane i samfunnet.

Dette vil bli ein svært krevjande prosess, og ordet «omstilling» går difor igjen mange gonger i meldinga. Det som likevel ikkje er omtalar, er korleis overgangen frå tradisjonelt klimaarbeid til klimaomstilling skal organiserast. Forsking på arbeidet med storstilte endringar av samfunnet viser at det er avgjerande å styrke vilkåra for at det offentlege kan arbeide på tvers av sektorar og interesser.

I dag vert det praktiske klimaarbeidet leia og koordinert av Miljø- og klimadepartementet og Miljødirektoratet. Men berre 5 prosent av årsverka er sett av til ‘klima’, og ingen årsverk er sett av til ‘klimaomstilling’ . Då oppretting av miljøverndepartementet blei etablert i 1972 var det framlegg om at departementet skulle ha same ansvar på tvers av dei andre departementa når det gjeld naturressursar som Finansdepartementet hadde når det gjeld økonomi, men dette blei ikkje følgt opp. Miljøverndepartementet blei i staden eit sektordepartement for miljøvernsektoren.

SV ønskjer difor at det politiske og administrative arbeidet på klimaområdet blir styrka i både omfang og styringskraft på tvers av sektorar og særinteresser. Den politiske delen av arbeidet med klimaomstilling ønskjer SV å styrke ved å stille krav til at ei ny regjering opprettar eit regjeringsutval med statsminister, miljø- og klimaminister, finansminister, og kommunal- og moderniseringsminister. Utvalet skal sikre politisk støtte til omstillingsarbeidet.

Den administrative delen av arbeidet ønskjer SV å styrke gjennom etablering av eit nytt direktorat for klimaomstilling. Dette skal vere ein ny type direktorat som skal ikkje berre iverksette eigne tiltak, men også koordinere, initiere og kontrollere gjennomføring av omstillingsarbeid innafor dei andre direktorata.

SV meiner det er naturleg å leggje det nye omstillingsdirektoratet til Vestlandet, som er den delen av Norge som i dag er mest avhengig av olje- og gassindustrien og som samstundes vert råka sterkest av dei pågående klimaendringane.